

Dykkar referanse:

Vår referanse:  
26/1984, 26/18557

Arkivkode:

Dato:  
11.08.2026

## **Høyringsbrev – Framlegg til lokal forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Haram kommunen for 2027**

Kommunen sender med dette framlegg til lokal forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i Haram kommune for 2027 på høyring. Framlegget byggjer på endringar i barnehagelova og ny nasjonal forskrift om finansiering av private barnehagar, kunngjort av Kunnskapsdepartementet 23. mars 2026.

Kommunen har nytta KS og PBL sin utrekningsmodell og rettleiar som grunnlag for utrekning av satsar og dokumentasjon.

Merk at pensjonspåslaget ikkje inngår i satsen for grunntilskot. Ein kan difor ikkje samanlikne tidlegare års satsar for driftstilskot med årets sats for grunntilskot utan å ta omsyn til dette.

Endringa av modell for utrekning av satsar påverkar satsane minimalt dersom ein trekkjer ut tidlegare pensjonspåslag.

Endeleg deflator for statsbudsjettet for 2027 er ikkje klar når forskrifta vert send på høyring. Utrekninga byggjer difor på eit anslag, som vert justert når endeleg deflator ligg føre.

Kommunen ønskjer særleg tilbakemelding på om utrekningsgrunnlaget og dei manuelle korrigeringsane er tydeleg nok skildra til å kunne etterprøvast, og om det er feil i talgrunnlaget.

Kommunen har utarbeidd framlegg til lokal forskrift med utgangspunkt i:

- [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](https://lovdata.no/LTI/lov/2025-06-20-100), kapittel IV. §§ 19 og 19 a–19 c, endra ved lov 20. juni 2025 <https://lovdata.no/LTI/lov/2025-06-20-100>
- Finansieringsforskrifta [Forskrift om finansiering av private barnehager \(finansieringsforskriften\) - Lovdata](#)
- Prop. 138 L (2024–2025), Innst. 510 L (2024–2025) [Innstilling](#)
- Tilskotsmodell frå KS og PBL, dialog og informasjon frå KS [Beregning av tilskudd til private barnehager - Hjem](#)
- Informasjon frå Utdanningsdirektoratet [Tilskuddssatser for private barnehager skal fastsettes som lokal forskrift | udir.no](#)

Forskrifta regulerer kommunen si fastsetjing av satsar for grunntilskot og eventuelle ekstra grunntilskot til private barnehagar.

### Grunntilskot, jf. barnehagelova § 19 a og finansieringsforskrifta §§ 6–12

Grunntilskotet er hovuddelen av tilskotet og skal kompensere private barnehagar for ordinære driftsutgifter kommunen har i dei kommunale barnehagane. Reglane skal bidra til likebehandling, føreseielegheit, mangfald i barnehagestrukturen og effektiv ressursbruk.

Grunntilskotet til den enkelte barnehagen vert rekna ut frå satsar per heiltidsplass for barn under 3 år og barn over 3 år, fastsette i lokal forskrift. Deltidsplassar vert omrekna forholdsmessig etter opphaldstid.

### Utrekningsgrunnlaget – kva kostnader inngår?

Utrekningsgrunnlaget er kommunen sine ordinære driftsutgifter (KOSTRA-funksjon 201 og 221 i kommunerekneskapen), fråtrekka:

- Administrasjonsutgifter, som i staden vert kompenserte gjennom administrasjonspåslaget på 4,7 prosent
- Pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift på pensjon, som vert kompenserte gjennom eige pensjonstilskot
- Utgifter som vert dekte av andre tilskot enn rammetilskotet, til dømes statlege øyremerkte tilskot, og eigendelar knytte til desse
- Foreldrebetaling, med utgangspunkt i maksimalpris fastsett av Stortinget

Grunnlaget er kommunerekneskapen frå to år før tilskotsåret. For tilskotsåret 2027 vert rekneskapsåret 2025 nytta.

Fordi rekneskapsgrunnlaget er to år gammalt, skal satsgrunnlaget prisjusterast med kommunal deflator, jf. finansieringsforskrifta § 4, før kommunen fattar enkeltvedtak om tilskot etter § 3.

Endeleg deflator for statsbudsjettet 2027 er ikkje klar når forskrifta vert send på høyring. Utrekninga byggjer difor på eit anslag, som vert justert når endeleg deflator ligg føre.

Kommunen kan halde særlege driftskostnader og kostnader knytte til særlege behov utanfor grunntilskotet. Då skal det reknast ut satsar for ekstra grunntilskot. Kommunen har ikkje halde slike kostnader utanfor, og reknar difor ikkje ut ekstra grunntilskot.

### Teljing av barn og heiltidsplassar i kommunale barnehagar, jf. finansieringsforskrifta § 2

Dei kommunale barnehagane sine årsmeldingar frå året før rekneskapsåret og frå sjølve rekneskapsåret vert lagde til grunn ved utrekninga av heiltidsplassar. Årsmeldinga frå året før rekneskapsåret vert vekta med 7/12 og årsmeldinga frå rekneskapsåret med 5/12.

Barn som fyller 3 år i tilskotsåret, vert rekna som:

- Under 3 år (sats for små barn) dei første sju månadene av året (januar–juli)
- Over 3 år (sats for store barn) dei siste fem månadene av året (august–desember)

I satsutrekninga vert barn under 3 år vekta 1,8 gongar høgare enn barn over 3 år, jf. finansieringsforskrifta § 1. Dette kjem av høgare kostnader som følgje av strengare krav til grunnbemanning og pedagognorm for små barn.

### Dei viktigaste endringane frå tidlegare driftstilskot til grunntilskot

Grunntilskotet vert rekna ut på same grunnlag som det tidlegare driftstilskotet.

Pensjonspåslaget er fjerna, og tilskot til pensjon vert rekna ut individuelt per barnehage.

### Pensjonstilskot, jf. barnehagelova § 19 b og finansieringsforskrifta §§ 14–16

Pensjonstilskotet er eit sjølvstendig tilskot, og ikkje lenger eit påslag i tilskotsgrunnlaget. Det vert rekna ut individuelt for kvar barnehage, basert på barnehagen sine egne lønskostnader og pensjonsvilkår, ikkje kommunen sine pensjonsutgifter.

Kommunen skal innan 31. oktober 2026 fatte enkeltvedtak om innplassering på prosentsats og sats for pensjonstilskot per årsverk for kvar enkelt barnehage, jf. finansieringsforskrifta § 1 andre og tredje ledd. Det samla pensjonstilskotet inngår i samla tilskot, som det skal fattast vedtak om minst éin gong i året, jf. § 3.

Kommunen skal hente inn dokumentasjon frå barnehagen. Innplasseringa ligg som hovudregel fast til barnehagen dokumenterer vesentlege endringar i pensjonsavtalen.

### Eigedomstilskot

Eigedomstilskotet erstattar det tidlegare kapitaltilskotet og kompenserer private barnehagar for kostnader knytte til å eige barnehagebygg, mellom anna renteutgifter og avskrivningar. Tilskotet vert gjeve per heiltidsplass. Kunnskapsdepartementet fastset og kunngjer den justerte satsen kvart år.

### Dei viktigaste endringane frå tidlegare kapitaltilskot

Det vert innført éin felles nasjonal sats for alle barnehagar. Differensieringa etter godkjenningssår er avvikla. Eldre barnehagar får dermed meir enn tidlegare, medan nyare barnehagar får noko mindre. Satsen vert justert årleg med kommunal deflator.

## Frå tilskotsgrunnlag til tilskotssats

| Utrekningstrinn                                                 | Føremål                                                                        |
|-----------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------|
| Sum ordinære driftsutgifter funksjon 201                        | Grunnlag for grunntilskot                                                      |
| + Sum driftsutgifter funksjon 221 (barnehagelokaler)            | Grunnlag for grunntilskot                                                      |
| + Eventuelle korrigeringar (internett og program)               | Sikre riktig kostnadsfordeling                                                 |
| – sjukelønsrefusjonar frå NAV                                   |                                                                                |
| – MVA - kompensasjon                                            |                                                                                |
| + Administrasjonspåslag 4, 7 %                                  | Kompensasjon for administrasjonskostnadar jf. § 12                             |
| - Foreldrebetaling                                              | Vert trekt frå. Private barnehagar får dette direkte kompensert i grunntilskot |
| + Deflator justering år 1 og år 2                               | Lønns- og prisvekst justering til aktuelt tilskotsår                           |
| Tal på heiltidsplassar i kommunale barnehagar, 0-2 år og 3-6 år | Gjev sats per heiltidsplass for barn under og over 3 år                        |
| Satser fastsettes for barn 0-2 år og barn 3-6                   | Kommunen fastset ein sats for små barn, og ein for store barn.                 |

## Korrigeringar frå fellesfunksjonar som ikkje er førte på funksjon 201 og 221

### Programvarelisensar

Kostnader til programvarelisensar som vert nytta i kommunale barnehagar, er lagde til i utrekningsgrunnlaget for grunntilskot. Sjå eiga fane 4c korreksjonar i utrekningsmodellen når det gjeld m365.

### Internett

Kostnader til internett vert førte på fellesfunksjonar IKT i kommunerekneskapen. Kostnader som gjeld kommunale barnehagar, er lagde til manuelt i utrekningsgrunnlaget. Sjå eiga fane 4c korreksjonar i utrekningsmodellen når det gjeld internettaksess.

## Manuelle korrigeringar av tilskotsgrunnlaget

Kostnadene som er haldne utanfor grunnlaget, er kommenterte i utrekningsmodellen. Dette gjeld til dømes kostnader der gruppering «barnehagemyndigheit» er vald. I fane 3a og 3b i utrekningsmodellen er nokre av kostnadene nærare spesifiserte.

## Felles prosjekt og aktivitetar

Kostnader knytte til felles prosjekt og aktivitetar som omfattar både kommunale og private barnehagar, er haldne utanfor tilskotsutrekninga. I fane 3a og 3b i utrekningsmodellen er nokre av

kostnadene nærare spesifiserte. Dette gjeld mellom anna ReKomp, kompetanseløftet og minoritetsspråklege midlar og er gruppert under kategorien anna.

### Arbeidsgjevaravgift på pensjon

For å sikre korrekt uttrekk for pensjon er det lagt inn korrigeringsfaktor for rekneskapsført arbeidsgjevaravgift på pensjon. Dette kjem av at posten tidlegare låg samla på éi linje, medan arbeidsgjevaravgifta no er skild ut på eiga linje. Dette er kommentert i modellen.

### KOSTRA-fordeling og lærlingar

Kostnader til lærlingar inngår ikkje i grunnlaget.

### Indeksregulering

Tilskotsgrunnlaget er indeksregulert med anslått kommunal deflator på høvesvis 4,1 prosent for 2026 og 3,4 prosent for 2027. Dette vert justert når endeleg deflator for 2027 vert lagd fram i samband med statsbudsjettet.

### Drift og investering

Utrekninga av tilskotssatsane byggjer på kommunen sitt driftsrekneskap. Kommunen skil mellom drift og investering. Det er berre driftsutgifter som inngår i satsutrekninga. Kommunen nyttar endeleg og revidert rekneskap for det aktuelle rekneskapsåret, slik at kapitalutgifter og investeringar knytte til barnehagebygg vert haldne utanfor tilskotsgrunnlaget.

### Framlegg til grunntilskot (sats)

#### **Ordinære barnehagar**

- Barn 0–2 år: kr 288 171
- Barn 3–6 år: kr 156 604

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- Kommunen vedtek lågare foreldrebetaling enn den nasjonale maksimalprisen
- Det vert avdekt feil i utrekningsgrunnlaget

Eventuelle justeringar som følgje av forholda ovanfor vert gjorde administrativt utan førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd bokstav c. Justerte satsar vert formidla til private barnehagar, og forskrifta vert oppdatert utan ugrunna opphald.

## Føremål med høyringa

Føremålet med høyringa er å kontrollere at utrekningsgrunnlaget og avgrensingane er tydeleg skildra og etterprøvbare, samt å avdekkje eventuelle feil.

## Høyringsfrist og tilbakemelding

Frist for skriftlege innspel til framlegget er 2. oktober 2026. Høyringssvar skal sendast via e-dialog <https://haram.kommune.no/edialog>, merkt med saksnummer 26/1984. Det bør gå tydeleg fram kva delar av forskriftsgrunnlaget høyringssvara gjeld.

## Vidare prosess

Etter at høyringsfristen har gått ut, vil kommunen:

- gå gjennom og samanstille alle mottekne høyringsinnspel
- gjere eventuelle presiseringar eller endringar i forskriftsframlegget
- leggje saka fram til politisk handsaming

Målet er å fastsette lokal forskrift om tilskotssatsar innan 30. november 2026, slik at satsane kan leggjast til grunn for tilskotsåret 2027.

Det vert teke atterhald om nødvendige justeringar dersom endringar i foreldrebetaling, kommunal deflator, utrekningsfeil eller nye nasjonale pålegg tilseier dette.

Vedlagt følgjer framlegg til forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot til private barnehagar i kommunen for 2027 og eit utdrag av utrekningsmodellen.

Sjølve utrekninga av satsane for 2027 vert send ut på e-post i Excel-format til private barnehagar og publisert på kommunen si heimeside.

## Send dokumentasjon via eDialog

Bruk gjerne eDialog viss de skal sende oss dokumentasjon eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 26/1984. Les meir om eDialog på: <https://haram.kommune.no/edialog>

Med helsing  
Frode Bøe Hatlelid  
kommunalsjef

Kristin Bryn Westre  
rådgjevar  
Livsløp

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*